

# Prop. 124 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Delvis bompengefinansiering av Fosenpakka i Sør- og Nord-Trøndelag

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 20. mai 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak som inngår i utbygginga av dagens fylkesvegnett på Fosenhalvøya i Sør- og Nord-Trøndelag (Fosenpakka). Fosenpakka er prioritert i fylkeskommunane sine handlingsprogram for 2010-2013 (-2019).

Hovudvegnettet på Fosen har generelt låg standard. Vegane er smale og svingete med dårlig sikt og går gjennom lokale bustadområde. Fosenpakka vil gi betre framkomelegheit og tryggleik i trafikken. Sambandet mellom Fosen og Trondheim og kommunikasjonen internt på Fosen vil bli betra, noko som kan legge til rette for ei positiv utvikling regionalt.

Finansieringa av Fosenpakka er basert på fylkeskommunale midlar og bompengar. Det er planlagt bompengeinnkrevjing i ferjesambanda Brekstad - Valset og Flakk - Rørvik. I tillegg vil det bli etablert ein bomstasjon ved fv 715 ved Krinsvatn, sør for krysset mellom fv 710 og fv 715. Fosenpakka er delt opp i tre delpakker, med prosjekt i prioritert rekjkjefølgje. I forslaget til bompenge-

opplegg som det er lokalpolitisk tilslutning til, er det lagt opp til finansiering av prosjekt og tiltak innafor delpakke 1 og 2.

### 2 Omtale av aktuelle prosjekt og tiltak

Fosenpakka omfattar 17 prosjekt fordelt på 3 delpakker. Alle prosjekta ligg på Fosenhalvøya med unntak av delprosjektet fv 710 Ingdal-Valset, som ligg i Agdenes kommune. Fire prosjekt ligg heilt eller delvis i Nord-Trøndelag, resten ligg i Sør-Trøndelag.

Kvar delpakke omfattar fleire prosjekt som lokale styresmakter har sett i prioritert rekjkjefølgje (sjå tabell 2.1). Fleire omsyn ligg til grunn for prioriteringa av prosjekta: Kommunikasjon mellom Fosen og Trondheim, nærleik til stadene for bompengeinnkrevjing, samla trafikk på strekningane, trafikktryggleik og kommunikasjon internt på Fosen. Fosen har om lag 27 500 innbyggjarar og eit allsidig næringsliv. Det er også ein stad for rekreasjon med 9 500 fritidsbustader.

**Tabell 2.1 Lokalt forslag til utbyggingsrekjkjefølgje (prioritert prosjektliste)**

Prioritet	Delpakke 1
1	Fv 717 Sund – Bradden
2	Fv 715 Vanvikan – Olsøy - Fv 715 Keiseråslia – Olsøy (Kråkmo) - Fv 715 Vanvikbakkene
3	Fv 755 Leksvik – Vanvikan
4	Fv 710 Ingdal – Valset
5	Fv 715 Rørvik
Prioritet	Delpakke 2
6	Fv 715 Rørvik – Vanvikan
7	Fv 715 Olsøybakkene
8	Fv 715 Haugsdalen – Rødsjø
9	Fv 715 Rødsjø – Krinsvatn
10	Fv 715 Bru over Krinsvatn
11	Fv 717 Bradden – Stadsbygd – Rørvik
12	Fv 715 Krinsvatn – Årnes
Prioritet	Delpakke 3
13	Fv 710 Brekstad – Botngård
14	Fv 710 Botngård – Krinsvatn
15	Fv 715 Reppkleiv – Årgård
16	Fv 14 Roan - Reppkleiv
17	Fv 193 Verrabotn - Meltingen

#### *Delpakke 1*

Prosjekta i delpakke 1 omfattar utbetring og omlegging av eksisterande veg i Sør- og Nord-Trøndelag. Prosjektet fv 717 Sund - Bradden hadde høgast prioritet då utbyggingsrekjkjefølgja blei vedteken av kommunar og fylkeskommunar. Det blei løyvd 20 mill. kr til omlegging av eksisterande veg på strekninga i 2009 innafor den fylkesfordelte ramma til øvrige riksvegar i Sør-Trøndelag. Grunna kvikkkleirefunn blir det no vurdert andre trasear med mindre geotekniske utfordringer.

Fv 715 Vanvikan - Olsøy er det mest omfattande prosjektet. Dagens fv 715 går frå Vanvikan forbi Rissa, på vestre side av Storevatnet, og vidare forbi Olsøy. Strekninga på 29 kilometer har mange avkjøyringar, noko som resulterer i låg fartsgrense og därleg framkomelegheit for den

aukande trafikken. Bakken frå Vanvikan har problematiske stigningsforhold og er uoversiktleg, noko som skapar farlege situasjonar. Ny veg vil følgje dagens fv 82 på austsida av Storevatnet.

Fv 755 Leksvik – Vanvikan og fv 710 Ingdal – Valset er dei lengste strekningane; kvar på om lag 30 kilometer. Tiltaka her omfattar utbetring av eksisterande veg. På fv 715 Rørvik er det planlagt ombygging av eit kryss.

#### *Delpakke 2*

Prosjekta i delpakke 2 omfattar utbetring og omlegging av eksisterande veg, i hovudsak i Sør-Trøndelag. Det er også planlagt ei ny bru over Krinsvatn. Den lengste strekninga som skal bli utbetra, er fv 715 Krinsvatn – Årnes på om lag 20 kilometer. Dei andre strekningane er på om lag 10 kilometer eller kortare.

#### *Delpakke 3*


Prosjekta i delpakke 3 omfattar utbetring av eksisterande veg i Sør- og Nord-Trøndelag. Dette vil betra kommunikasjonen internt på Fosen og til hovudvegnettet mot Trondheim. Oppstart av prosjekt innafor delpakke 3 krev i utgangspunktet ny lokalpolitisk behandling slik at fylkeskommunen kan setja av naudsynte fylkeskommunale midlar.

#### *Kostnadsoverslag*

Det samla kostnadsoverslaget for prosjekt og tiltak i Fosenpakka er om lag 1,7 mrd. Samla kostnadsoverslag for delpakke 1 og 2 er om lag 1,3 mrd. 2011-kr.

For prosjekta som er prioriterte for oppstart i perioden 2010-2013, ligg det føre godkjende reguleringsplanar eller arbeidet med reguleringsplanar er starta opp. Prosjektet fv 755 Leksvik-Vanvikan er kostnadsrekna til 73 mill. 2011-kr. Fv 715 Vanvikbakkene er kostnadsrekna til om lag 110 mill. 2011-kr. Reguleringsplanen for fv 710 Ingdal - Valset er under arbeid, men framdrifta er noko forsinka grunna kvikkkleirefunn. Det pågår også planarbeid for fv 715 Keiseråslia - Olsøy og for fv 715 Rørvik.

Det er framleis knytt stor uvisse til kostnadene for fleire prosjekt og tiltak. Det ligg imidlertid ein fleksibilitet i bompengepakka ved at omfanget på utbygginga kan bli vurdert underveis. Dersom nokre prosjekt blir dyrare enn venta, vil dei lågast prioriterte prosjekta kunna bli tekne ut av pakka.



Figur 2.1 Kart.

Kjelde: Statens vegvesen

### 3 Lokalpolitisk behandling

Kommunane hadde alle saka oppe til behandling i oktober 2008.

Kommune:	Vedtak:
Agdenes kommunestyre	15.10.2008
Bjugn kommunestyre	29.10.2008
Leksvik kommunestyre	23.10.2008
Mosvik kommunestyre	15.10.2008
Osen kommunestyre	22.10.2008
Rissa kommunestyre	14.10.2008
Roan kommunestyre	23.10.2008
Ørland kommunestyre	23.10.2008
Åfjord kommunestyre	29.10.2008

Kommunestyra fatta følgjande likelydande vedtak:

- ... kommune slutter seg til de prioriteringene og vedtak som er fattet i Styret for "Fosenvegene AS - ei tim' te' by'n"

- ei tim' te' by'n" vedrørende vegprosjektet Fosenvegene.

- Dette gjelder prioriteringene av de beskrevne 18 delprosjektene som er delt inn i 3 utbyggingspakker, jfr. utredning fra ViaNova Plan og Trafikk AS – Prosjektoversikt med kostnadsoverslag.
- ... kommune legger til grunn "Fosenvegene AS - ei tim' te' by'n" sitt forslag til total investeringskostnad kr. 1.500 mill kr (2005-kronenivå) hvorav 75% finansieres med bompenger og 25% statlig bidrag.
- ... kommune slutter seg til at det etableres bompengeinnkreving som beskrevet i Statens vegvesen sin bompengeutredning vedtatt av styret i "Fosenvegene AS - ei tim' te' by'n" (jfr. modell 3G, med 3 innkrevingspunkt som plasseres ved Rorvik fergeterminal, Valset fergeterminal og Krinsvatn vegdele).

Fylkestinget i Sør-Trøndelag fatta følgjande vedtak 7.10.2009:

- Sør-Trøndelag fylkeskommune viser til søknad fra Fosenvegene AS 3. april 2009. Sør-Trøndelag

- fylkeskommune ber om adgang til å kreve inn bompenger på fylkesvei (tidligere 715 med flere).*
2. *Sør-Trøndelag fylkeskommune er enig i at det i første omgang lages et bompengeopplegg for å få finansiert utbyggingspakke 1 og 2, jf. brev fra Statens vegvesen 10.9.2009. Prosjektene i utbyggingspakke 3 vil være på marginallista dersom bompeneinntektene overstiger beregnet bompengepotensiale. Bompengeperioden settes fast til 15 år fra åpningsåret.*
  3. *Gjennomsnittstakst på bommene settes til 60 2009-kr. Alle biler skal betale bompenger etter de til enhver tids gjeldende regler for takst- og rabattsystem i bompengeprosjekt. Endelig fastsetting av takstene blir behandlet som egen sak.*
  4. *Finansieringsplan for pakke 1 og pakke 2 vedtas. Investeringskostnad for pakke 1 og pakke 2 er 1.230 mill. 2009-kr. Fylkeskommunene bidrar med 25 pst av kostnadene. Resten skal dekkes av bompenger. Det er enighet i en fordeling på 73/ 27 mellom Sør-Trøndelag fylkeskommune og Nord-Trøndelag fylkeskommune for pakke 1 og pakke 2.*
  5. *Fylkestinget anbefaler innkrevingsopplegg med innkreving av bompenger på 3 steder, fergene på Brekstad - Valset og Flakk-Rørvik, samt innkreving ved rv. 715 Krinsvatn.*
  6. *Bompeneinnkrevingen starter opp så raskt det lar seg gjøre etter Stortingets vedtak og forutsettes opprettetholdt i 15 år framover.*
  7. *Fylkestinget legger til grunn følgende tiltak der som det blir svikt i finansieringen:*
    - a. *Utbedringstiltakene tilpasses den estimerte kostnaden.*
    - b. *Utbyggingstakten tilpasses for å minimalisere lånebehovet og/eller takstene øker med inntil 20 pst.*
    - c. *Reduksjon i antall prosjekt som gjennomføres. Prosjektene i tabell 1 (vedlegg 2) er listet opp i prioritert rekkefølge, og de som er lavest på lista vil ikke kunne gjennomføres.*
  8. *Bompengeperioden er 15 år. Det legges til grunn at eventuelle økte bompengemidler kan settes av til prosjekt i pakke 3. En eventuell fylkeskommunal andel til prosjekt i pakke 3 må behandles som egen sak i Fylkestinget. Det legges til grunn en utbyggingsplan på totalt 1230 mill kr i løpet av 10 år.*
  9. *Sør-Trøndelag fylkeskommune finansierer sin del med egne låneopptak.*
  10. *Det forutsettes at Nord-Trøndelag fylkeskommune fatter tilsvarende vedtak.*

Fylkestinget i Nord-Trøndelag fatta følgjande vedtak 3.12.2009:

1. *Nord-Trøndelag fylkeskommune støtter bompengesøknad for Fosenvegene – ei tim’ te by’n som omfatter utbyggingspakke 1 og 2, kfr brev fra Statens vegvesen datert 11.9.2009. Prosjektene i utbyggingspakke 3 inngår i marginalliste for prosjektet.*
2. *Prosjektene som inngår i utbyggingspakke 1 og 2 omfatter en utbyggingsplan på totalt 1 230 mill kr. Det er tatt sikte på en utbygging over en periode på 10 år.*
3. *Egenfinansieringen dekker 75 % av investeringskostnadene. Den fylkeskommunale finansieringsandelen i prosjektet er 25 % av investeringskostnadene, og fordeles mellom Sør-Trøndelag fylkeskommune og Nord-Trøndelag fylkeskommune. Nord-Trøndelag fylkeskommune bidrar med 27 % av den fylkeskommunale andelen til prosjektet, det vil si 83 mill. kr.*
4. *Det legges til grunn en egenfinansiering med innkreving av bompenger på 3 steder: fergene på Brekstad – Valset og Flakk-Rørvik, samt innkreving ved rv715 Krinsvatn. Bompeneinnkrevingen starter opp så raskt det lar seg gjøre etter Stortingets vedtak.*
5. *Bompengeperioden er fastsatt til 15 år fra åpningsåret.*
6. *Det utarbeides et innkrevingssystem som innebærer en gjennomsnittstakst på bommene på kr. 60,- i 2009-kr. Alle biler skal betale bompenger etter de til enhver tids gjeldende regler for takst- og rabattsystem i bompengeprosjekt.*
7. *Ved en eventuell svikt i finansieringen av prosjektet iverksettes følgende tiltak i prioritert rekkefølge:*
  - a. *Utbedringstiltakene tilpasses den estimerte kostnaden.*
  - b. *Utbyggingstakten tilpasses for å minimalisere lånebehovet og/eller takstene øker med inntil 20 %*
  - c. *Reduksjon i antall prosjekt som gjennomføres. Prosjektene i tabell 1 er listet opp i prioritert rekkefølge, og de som er lavest på lista vil ikke kunne gjennomføres.*
8. *En eventuell fylkeskommunal andel til prosjekt i pakke 3 må behandles som egen sak i Fylkestinget.*
9. *Nord-Trøndelag fylkeskommune er villig til å stille simpel garanti for en forholdsvis andel av prosjektet. Hvis øvrige garantister endrer til garanti med selvskyldnerkausjon er Nord-Trøndelag fylkeskommune også villig til dette.*

Fylkestinget i Sør-Trøndelag fatta 15.12.09 følgjande vedtak om fordeling av garantiansvaret:

- *Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag fylke garanterer med selvskyldnerkausjon for sin andel av de nødvendige lån som bompengeselskapet tar opp for finansiering av prosjektpakke 1 og 2. Garantien gjelder for hovedstollen av lånet, maksimalt 650 mill. 09-kr med tillegg av 10 % av tildekking av eventuelle påløpte renter. Lånet kan ikke overstige 715 mill. 09-kr.*
- *Garantiansvaret blir redusert i takt med nedbetalinger av lånet og opphører etter 28 år med tillegg av inntil 2 år, jfr. § 6 i garantiforskriftene.*
- *Investeringsandel mellom Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag fylkeskommuner er på henholdsvis 73 % og 27 %. Det tilsier at garantisummen for Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag fylkeskommune beløper seg til maksimalt 522 mill. 09-kr og 193 mill. 09-kr (inkl. 10 % tillegg.)*

## 4 Trafikkgrunnlag og nytte av utbygginga

### Trafikkgrunnlag

Trafikktala som er nytta i bompengesøknaden, er baserte på registrert trafikk per døgn (ÅDT) på ferjestrekningane og fv 715 i referanseåret 2007. Tala for trafikken på fv 715 er kontrollerte opp mot teljingar i 2009. Desse tilseier eit par hundre køyretøy meir i døgnet. Sidan teljingane berre omfatta ei veke, er det valt ikkje å ta omsyn til desse.

Det er i hovudsak trafikk internt på Fosen som vil bli påverka av bompengeinnkrevjinga. Dei gjennomførte trafikkanalysane viser til dels vesentleg trafikkbortfall på innkrevjingsstadene. Innkrevjinga vil påverka trafikken i ferjesambanda i noko mindre grad enn internt på Fosen. Etter ei samla vurdering har Statens vegvesen rekna trafikkbortfallet til å liggja på mellom 15 og 30 pst. I finansieringsanalysen er det lagt til grunn ei trafikkavvisning på 25 pst i alle innkrevjingssnitta.

I finansieringsanalysen er det lagt til grunn at bompengeinnkrevjinga vil starta opp i 2012. Utan trafikkavvisning er det lagt til grunn ein ÅDT på 430 køyretøy på ferjestrekninga Brekstad – Valset i 2012. På ferjestrekninga Flakk – Rørvik er det lagt til grunn ein ÅDT på 2 180 køyretøy, medan ÅDT ved Krinsvatn er rekna til 1 685 køyretøy. Etter trafikkavvisning er det rekna med ein ÅDT på til saman 3 220 køyretøy, fordelt med 320 køyretøy på ferjestrekninga Brekstad – Valset, 1 635 köyre-

tøy på strekninga Flakk – Rørvik og 1 265 køyretøy ved Krinsvatn.

Det er lagt til grunn ein årleg trafikkvekst på 1,9 pst frå 2012 til 2013, 1,1 pst frå 2014 til 2019 og 0,8 pst frå 2020.

## 5 Utbyggings- og finansieringsopplegg

Finansieringa av Fosenpakka er basert på fylkeskommunale midlar og bompengar. 75 pst av investeringskostnadene er føresett finansierte med bompengar.

### Fylkeskommunale midlar

I tråd med handlingsprogramma for fylkesveginvesteringar for perioden 2010-2013 (2019) er det lagt til grunn til saman 327 mill. kr i fylkeskommunale midlar, omrekna til 2011-kr. Desse fordeler seg med 239 mill. kr frå Sør-Trøndelag (73 pst) og 88 mill. kr frå Nord-Trøndelag (27 pst).

### Bompengar

Det er lagt opp til at bompengeinnkrevjinga skal starta så raskt det lar seg gjera etter Stortingets vedtak. Det er vidare lagt opp til tovegs innkrevjing i 15 år.

Det er trafikk internt på Fosen som i hovudsak vil bli påverka av ei bompengeinnkrevjing. Hovudregelen ved innkrevjing av bompengar er nytteprinsippet. Dei som betaler bompengar, skal ha nytte av prosjektet. Denne samanhengen går og andre vegen, slik at dei som har nytte av eit vegprosjekt, også skal betala bompengar, jf St.meld. nr. 16 (2008-2009) *Nasjonal transportplan 2010-2019*. Både trafikantar som ferda internt på Fosen og mellom Fosen og Trondheim har nytte av utbygginga og vil betala bompengar.

Innkrevjing av bompengar i Fosenpakka vil gå føre seg gjennom tre ulike innkrevjingssystem, noko som inneber at trafikantane må inngå særskilde avtalar med både bompengeselskapet og dei to ferjeselskapa for å oppnå full rabatt. Gjennomsnittstaksten er sett til 65 2011-kr for alle innkrevjingar. Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.

I ferjesambandet Brekstad - Valset er det lagt opp til eit bompengepåslag for lette køyretøy på 65 kr. Dette tilsvrar ein auke på om lag 11 takstsoner, dvs. frå takstsone 6 til takstsone 17. Den totale prisen for lette køyretøy vil vere på om lag 140 kr per reise utan rabatt. Det er føresett

Tabell 5.1 Forslag til finansieringsplan

	Mill 2011-kr		
	2010-13	2014-19	Sum
Bompengar	190	787	977
Fylkeskommunale midlar:	204	123	327
- <i>Sør-Trøndelag</i>	<i>116</i>	<i>123</i>	<i>239</i>
- <i>Nord-Trøndelag</i>	<i>88</i>		<i>88</i>
Sum:	394	910	1 304

rabattar i samsvar med rabattordningane i riksregulativet for ferjetakstar. Dette inneber at trafikantane kan få inntil 50 pst rabatt ved forskotsbetaling og bruk av Ferjekortet. Innkrevjinga på ferjestrekninga mellom Valset og Brekstad skjer manuelt.

Ferjesambandet Flakk – Rørvik har i drift innkrevjing med Autopass. Takstane er rekna ut i frå total lengde på køyretøyet. Dette gir fire køyretøyklassar (køyretøy <6 m, køyretøy 6,01-12 m, køyretøy >12 m og motorsyklar). Bompengepåslaget for køyretøy <6 m er sett til om lag 82 kr, og inneber ein auke på om lag 14 takstsoner, dvs. frå takstsone 13 til takstsone 27. Den totale prisen for bilar <6 m utan rabatt vil bli på 200 kr per reise. Bruk av Autopassbrikke og tilleggsavtale om forskotsbetaling vil gi ein rabatt på 50 pst.

Bomstasjonen på fv 715 ved Krinsvatn er automatisk og basert på Autopass. Takstane blir 65 kr for lette køyretøy (utan rabatt). For tunge køyretøy er det lagt til grunn ei tredobling av lettbil-takst. Det er lagt opp til flat rabatt på 20 pst for trafikantar med avtale hos bompengeselskapet.

Med det føreslårte innkrevjingsopplegget og dei føresetnadene som er lagt til grunn, vil trafikantane betala om lag 1200 mill. kr i bompengar. Av dei innbetalte bompengane vil om lag 977 mill. kr gå til utbygging av veg inkl. etablering av bomstasjon, 170 mill. kr til å dekkja finansieringskostnader og 53 mill. kr til innkrevjing og drift av bompengeselskapet.

Samferdselsdepartementet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på personvernutfordringane i heilautomatiske bomstasjonar, og moglegheita for å utvikla ei anonym betalingsløsing som eit supplement til dagens AutoPass-løsing. Arbeidet pågår.

#### Forslag til finansieringsplan

Finansieringsplanen som er lagt til grunn ved fylkestinget si behandling, er vist i tabell 5.1. I forslag-

get til finansieringsplan er det lagt til grunn at bompengeselskapet vil ta opp lån for å kunna forsera utbygginga. Det er gjort vurderingar av renteutgifter i heile 15-årsperioden, og det er utarbeidd detaljerte planar for gjennomføring av prosjekt og tiltak. Følgjande basisføresetnader er lagt til grunn:

- Utbyggingskostnader: 1300 mill. 2011-kr
- Trafikkgrunnlag: Samla ÅDT på 3 220 køyretøy i 2012
- Gjennomsnittleg inntekt pr. køyretøy: 65 kr i 2011-kr
- Årlig trafikkvekst: 1,9 pst frå 2012 til 2013, 1,1 pst frå 2014 til 2019 og 0,8 pst frå 2020
- Årlig prisstigning: 2,5 pst
- Lånerente: 6,5 pst
- Årlege innkrevjingskostnader: om lag 3,5 mill. 2011-kr

Bompengepakkar er meir fleksible enn bompengein-krevjing for enkelprosjekt. Det blir lagt til grunn at omfanget av utbygginga i Fosenpakka blir tilpassa den økonomiske ramma. Den økonomiske ramma som ubygginga skal haldast innafor, går fram av finansieringsplanen som er vist i tabell 5.1. Dersom kostnadsoverslaget på nokre av prosjekta aukar, kan dette innebera at andre prosjekt ikkje blir bygde. Dersom prosjekta blir rimelegare enn rekna med, kan det bli mogeleg å gjennomföra nokre av prosjekta i delpakke 3.

Samferdselsdepartementet har merka seg at det er lagt til grunn ei lånerente på 6,5 pst. Dersom lånerenta blir høgare, blir bompengemidlane som skal dekka delar av investeringeskostnadene reduserte. Samferdselsdepartementet føreset i så fall at innhaldet i pakka blir tilpassa dette.

#### Garantiar

Sør- og Nord-Trøndelag har fattat vedtak om garantiansvar for Fosenpakka. Gjennom fylkestin-

get i Sør-Trøndelag si presisering av garantiansvaret for Fosenvegene i møte 15.12.09, har Sør- og Nord-Trøndelag gitt sjølvskuldнargaranti for lån på inntil 715 mill. 2009-kr som bompengeselskapet tar opp. Garantien gjeld i inntil 28 år med tillegg av inntil 2 år.

Dei fylkeskommunale garantiane må godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet. Garantiane vil først komma til utbetaling dersom gjelda ikkje blir mogeleg å handtera etter at takstane er auka med inntil 20 pst og bompengeperioden er forlenga med inntil 5 år.

## **6 Samferdselsdepartementet si vurdering**

---

Samferdselsdepartementet tilrår det føreslårte oppleget med innkrevjing av bompengar ved fv 715 Krinsvatn og på ferjesambanda Brekstad – Valset og Flakk – Rørvik, for å finansiera Fosenpakka delpakke 1 og 2. Gjennomføring av tiltaka vil vera viktige for regional utvikling på Fosenhalvøya.

Samferdselsdepartementet vil peika på at det er stor uvisse i mange av kostnadsoversлага for prosjekt og tiltak i Fosenpakka. Dette er ein vanleg situasjon for ei pakke med mange prosjekt som blir gjennomførte over ein lang periode. For

dei fleste prosjekta som er prioritert for oppstart i perioden 2010-2013, ligg det føre godkjende reguleringsplanar eller arbeidet med reguleringsplanar starta opp. Omfanget av utbygginga vil bli tilpassa den økonomiske ramma. Sidan Fosenpakka i stor grad omfattar utbetringstiltak og mindre prosjekt, bør det ikkje vere problematisk å tilpassa utbygginga til tilgjengelege midlar.

## **7 Avtale**

---

Etter at Stortinget har gjort vedtak om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak innafor Fosenpakka i Sør- og Nord-Trøndelag, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med gjeldande standardavtale og dei føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om delvis bompengefinansiering av Fosenpakka i Sør- og Nord-Trøndelag.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

**s t a d f e s t e r :**

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om delvis bompengefinansiering av Fosenpakka i Sør- og Nord-Trøndelag i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til vedtak om delvis bompengefinansiering av Fosenpakka i Sør- og Nord-Trøndelag

I

Stortinget samtykkjer i at:

1. Bompengeselskapet får løyve til å krevja inn bompengar til delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak innafor Fosenpakka etter vilkåra i denne proposisjonen.
  2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetja nærmere reglar for finansieringsordninga.
-